



Sunnfjord vassområde

Møte i Sunnfjord vassområdeutval

REFERAT

Onsdag 18. april 2018 kl 10 – 13:15

Stad: Storehagen 1B, Førde. - Møterom «Fjaler»

Frammøtte:

Mathias Råheim, leiar	Gaular, polititar
Truls Hansen Folkestad	Gaular, adm
Ove Varlid	Førde, polititar
Magne Reidar Førde	Førde, adm
Steinar Kvame	Naustdal, polititar
Arne Stig Sortevik	Naustdal, adm
Johannes Folkestad	Askvoll og Fjaler, adm
Kaja Standal Moen	Flora, adm
Solfrid Trå	Jølster, adm
Frida Halland	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Janne Grønli	Statens vegvesen Region Vest
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Susan Solbrå	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Staffan Hjohlman	Prosjektleder, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkallinga eller sakslista.

Orienteringar:

Rullering av regional plan for vassforvaltning - Merete Farstad, Sogn og Fjordane fylkeskom

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen ønskjer innspel om feil og manglar i vann-nett innan 01.05.2018.

Rapportering av tiltaksgjennomføring i 2018 - Staffan Hjohlman, Sogn og Fjordane fylkesk
Merknader i møtet: Nærare informasjon om rapporteringa vil bli sendt til adm. kontaktar i kommunane.



Sunnfjord vassområde

Fylkesprosjekt om avløp - Susan Solbrå, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Merknader i møtet: Det vart presisert at det er kommunane som er styresmakt for mindre avløpsanlegg og at det er kommunane som gir eventuelle pålegg om utbetringar. Det vart påpeika frå Gaular kommune at kommunen har eigne prosjekt med å kartfeste data om separate avløpsanlegg. Ein må unngå dobbeltarbeid og unødvendige utgifter med kjøp av data.

Kartlegging av fysiske inngrep i Jølstra og Anga i Førde kommune

Marius Kambestad, Rådgivende biologer AS

Kambestad oppfordra om å følgje med på nye tiltak som blir gjort i vassdrag, og høyring av slike planar. Han viste til døme på erosjons- og flaumsikringstiltak i dei siste åra der det ikkje er teke omsyn til naturverdiar som sjøaure m.m. Plastring av elvebankar og elvebotn er døme på slike tiltak.

Sak 1-2018 Årsmelding 2017

Syner til vedlagde årsmelding.

Sak 1-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017

Sak 1-2018 SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 18.04.2018

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017

Sak 2-2018 Rekneskap 2017

Syner til vedlagt rekneskap (siste del av årsmeldinga)

Sak 2-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen for 2017 til vitande

Sak 2-2018 SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 18.04.2018

Spørsmål: Kvifor er det brukt mindre enn budsjettert på Vassanalysar og overvaking?

S. Hjøhlman: Budsjettert beløp 300 000 er kopiert frå tidlegare budsjett og tar ikkje utgangspunkt i konkrete planar. Kostnader med biologiske undersøkingar, utført i 2017, blir fakturert i 2018 (ca. 260 000 kr).

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen for 2017 til vitande



Sak 3-2018 Aktivitetsplan 2018

Syner til vedlagt aktivitetsplan

Sak 3-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplanen for 2018

Sak 3-2018 SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 18.04.2018

Det kom spørsmål om kommunane sjølve kan registrere status i høve eventuelle fiskevandringshinder der kommunale vegar kryssar vassdrag. Prosjektlear svarte at det sjølvst er positivt med all innsats kommunane kan gjere på området, og at dette har vore drøfta i prosjektgruppa.

På spørsmål orienterte prosjektlear om tema mikroplast og plastforsøpling som har vore oppe som tema i prosjektgruppa.

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplanen for 2018

Sak 4-2018 Budsjett 2018

Framlegg til budsjett for 2018 vart vist i saksgrunnlaget, saman med rekneskap og budsjett for 2017. Budsjettet 2018 syner eit underskot på 1,6 mill, som blir dekkja ved bruk av fondsmidlar. Budsjettet vil resultere i at saldo på fondsmidlar ved utgangen av 2018 vert 1,7 mill. Inntektene er budsjetterte i samsvar med prosjektplanen for Sunnfjord vassområde 2016-21.

Budsjetterte utgifter i 2018 bygger på prosjektplanen 2016 – 2021 med følgjande tillegg:

- *Vassanalyser, overvaking* er auka frå 300 000 til 1,1 mill, tilsvarande kostnadsoverslag kr 990 000 pluss buffert på 110 000.
- *Konsulenttenester fysiske inngrep* er kr 500 000 frå fond (jamfør Sunnfjord vassområdeutval, sak 4-2016) pluss 210 000 som står att av *Statlege midlar fysiske inngrep* (260 000 i tilskot 2017 som det vart brukt 50 000 av i 2017).
- *Konsulenttenester kommunevegar* (jamfør Sunnfjord vassområdeutval, sak 4-2016).
- *Konsulenttenester (Storevatnet)*, kr 30 788 er restmidlar av eit tilskot frå Fylkesmannen i 2016 på kr 100 000.

Sak 4-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2018

Prosjektlear i samarbeid med prosjektgruppa får fullmakt til å setja i verk miljøundersøkingar og utgreiingar i tråd med budsjettet, og ved behov justere enkeltpostar.



Sunnfjord vassområde

Sak 4-2018 SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 18.04.2018

Prosjektleiar kom med nytt framlegg om å auke posten Vassanalysar, overvaking frå 1,1 mill til 1,4 mill, for å dekke opp kostnader med biologiske undersøkingar, utført i 2017, som konsulenten vil fakturert oss i 2018. Det reviderte budsjettet er vist nedanfor, der også totale utgifter, resultat og saldo pr 31.12. er retta i samsvar med framlegget.

	2018 Budsjett	2017 Rekneskap	2017 Budsjett
UTGIFTER			
Prosjektleiing	430 000	387 336	430 000
Møter, reiser, kurs	70 000	41 340	70 000
Vassanalysar, overvaking	1 400 000	96 516	300 000
Konsulenttenester fysiske inngrep	710 000	50 000	500 000
Konsulenttenester kommunevegar	300 000		300 000
Konsulenttenester (Storevatnet)	30 788	69 212	100 000
Totalt	2 940 788	644 404	1 700 000
INNTEKTER			
Midlar frå kommunar	-400 000	-367 236	-367 236
Midlar frå fylkeskommunen	-400 000	-400 000	-400 000
Statlege midlar overvaking	-192 000	-78 500	
Statlege midlar fysiske inngrep		-260 000	
Statelege midlar fiskeundersøking		-270 000	
Statlege midlar (Storevatnet)			
Totalt	-992 000	-1 375 736	-767 236
RESULTAT			
Avsetning(-)/bruk(+) fond	1 948 788	-731 332	932 764
Saldo pr 01.01.	-3 376 748	-2 645 416	-2 557 930
Saldo pr 31.12.	-1 427 960	-3 376 748	-1 625 166

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2018. Posten vassanalysar, overvaking vert auka frå kr 1 100 000 til kr 1 400 000.

Prosjektleiar i samarbeid med prosjektgruppa får fullmakt til å setja i verk miljøundersøkingar og utgreiingar i tråd med budsjettet, og ved behov justere enkeltpostar.



Sunnfjord vassområde

Vedlegg:

Årsmelding 2017 (inkludert rekneskap 2017)

Aktivitetsplan 2018